

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 884/2005**2009/EØS/9/28**

av 10. juni 2005

om fastsetjing av framgangsmåtar for gjennomføring av inspeksjonar frå Kommisjonen når det gjeld sjøfartstryggleik*KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr.
725/2004 av 31. mars 2004 om forbedret sikkerhet for fartøyer
og havneanlegg⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) For å overvake bruken av forordning (EF) nr. 725/2004 i medlemsstatane bør Kommisjonen gjennomføre inspeksjonar som tek til seks månader etter at den nemnde forordninga har teke til å gjelde. Disse inspeksjonane, som må utførast under tilsyn frå Kommisjonen, er naudsynte for å kontrollere at dei nasjonale kvalitetskontrollsystema og tiltaka, framgangsmåtane og strukturane for sjøfartstryggleik er effektive.
- 2) Det europeiske sjøtryggleiksbyrået, som vart skipa ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1406/2002⁽²⁾, bør gje Kommisjonen teknisk støtte slik at han kan gjennomføre oppgåvene sine i samband med inspeksjon av fartøyer, reiarlag som det gjeld og godkjende tryggleiksorganisasjonar.
- 3) Kommisjonen bør samordne tidsplanen for og førebuinga av inspeksjonane sine med medlemsstatane. Inspeksjonsgruppene frå Kommisjonen bør kunne nytte seg av kvalifiserte nasjonale inspektørar dersom slike finst tilgjengelege.
- 4) Inspeksjonane frå Kommisjonen bør gjennomførast i samsvar med ein fastsett framgangsmåte og ein standardmetode.
- 5) Følsame opplysningar som er knytte til inspeksjonar, bør handsamast som fortrulege opplysningar.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 11 nr. 1 i forordning (EF) nr. 725/2004 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 148 av 11.6.2005, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 34/200 av 10. mars 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 28 av 1.6.2006, s. 20.

⁽¹⁾ TEU L 129 av 29.4.2004, s. 6.

⁽²⁾ TEF L 208 av 5.8.2002, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 724/2004 (TEU L 129 av 29.4.2004, s. 1).

KAPITTEL I

FØREMÅL OG DEFINISJONAR*Artikkel 1***Føremål**

I denne forordninga er det fastsett framgangsmåtar for dei inspeksjonane som Kommisjonen skal gjennomføre med sikte på å overvake bruken av forordning (EF) nr. 725/2004 i kvar medlemsstat og ved dei einskilde hamneanlegga og reiarlaga som det gjeld.

Inspeksjonane skal utførast på ein open, effektiv, harmonisert og konsekvent måte.

*Artikkel 2***Definisjonar**

I denne forordninga tyder:

1. «inspeksjon frå Kommisjonen» ei gransking av dei nasjonale kvalitetskontrollsystema og tiltaka, framgangsmåtane og strukturane for sjøfartstryggleik i medlemsstatane som inspektørar frå Kommisjonen skal gjennomføre for å kontrollere at forordning (EF) nr. 725/2004 vert etterlevd,
2. «inspektør frå Kommisjonen» ein person som stettar dei kriteria som er fastsette i artikkel 7 og er tilsett av Kommisjonen eller Det europeiske sjøtryggleiksbyrået, eller ein nasjonal inspektør som har fått i oppdrag av Kommisjonen å ta del i inspeksjonane frå Kommisjonen,
3. «nasjonal inspektør» ein person som er tilsett av ein medlemsstat som sjøfartstryggleiksinspektør, og som er kvalifisert i samsvar med krava i den aktuelle medlemsstaten,
4. «utval» det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 11 nr. 1 i forordning (EF) nr. 725/2004,
5. «objektive prov» kvantitative eller kvalitative opplysningar, dokument eller funn som gjeld tryggleik, eller som gjeld førekomst og gjennomføring av eit krav som er fastsett i forordning (EF) nr. 725/2004, som byggjer på observasjon, måling eller prøving, og som kan verifiserast,
6. «observasjon» eit funn som er gjort under ein inspeksjon frå Kommisjonen og er underbygd ved objektive prov,

7. «avvik» ein observert situasjon der det ligg føre objektive prov på at eit av krava som er fastsette i forordning (EF) nr. 725/2004, ikkje er stetta, og at det difor må gjerast korrigerande tiltak,
8. «større avvik» eit identifiserbart avvik som utgjer eit alvorleg trugsmål mot sjøfartstryggleiken og krev at det straks vert gjort korrigerande tiltak; i tillegg skal manglande effektiv og systematisk gjennomføring av eit krav som er fastsett i forordning (EF) nr. 725/2004, reknast som eit større avvik,
9. «kontaktorgan» det organet som er utpeikt av kvar medlemsstat for å fungere som kontaktorgan for Kommisjonen og andre medlemsstatar, og som skal leggje til rette for, følgje opp og opplyse om bruken av dei tiltaka for sjøfartstryggleik som er fastsette i forordning (EF) nr. 725/2004,
10. «reiarlaget som det gjeld» eit føretak som skal oppnemne ein tryggleiksoffiser i reiarlaget, ein tryggleiksoffiser på fartøyet eller ein tryggleiksansvarleg ved hamneanlegget, eller som er ansvarleg for gjennomføringa av ein tryggleiksplan for fartøyet eller ein tryggleiksplan for hamneanlegget, eller er vorte oppnemnt av ein medlemsstat som godkjend tryggleiksorganisasjon,
11. «prøving» ei utprøving av tiltak for sjøfartstryggleik der det vert simulert ein intensjon om å utføre ei ulovleg handling for å prøve ut kor effektive dei eksisterande tryggleikstiltaka er og korleis dei vert gjennomførde.

kapittel II

ALLMENNE KRAV

Artikkel 3

Samarbeid mellom medlemsstatane

Medlemsstatane skal samarbeide med Kommisjonen om gjennomføringa av inspeksjonsoppgåvene hans, utan at dette rører ved ansvaret til Kommisjonen. Samarbeidet skal finne stad i samband med førebuing, kontroll og rapportering.

Artikkel 4

Utøving av avgjerdsmakta til Kommisjonen

1. Kvar medlemsstat skal sikre at inspektørane frå Kommisjonen kan utøve avgjerdsmakta si til å inspisere aktivitetar som gjeld sjøfartstryggleik hjå den rette styresmakta i medhald av forordning (EF) nr. 725/2004, og hjå alle dei reiarlaga som det gjeld.
2. Kvar medlemsstat skal syte for at inspektørane frå Kommisjonen på oppmoding får tilgang til alle relevante dokument som gjeld tryggleik, og særleg:
 - a) det nasjonale programmet for gjennomføring av forordning (EF) nr. 725/2004 som er nemnt i artikkel 9 nr. 3 i den nemnde forordninga,

- b) opplysningar som kontaktorganet stiller til rådvelde, og kontrollrapportane som er nemnde i artikkel 9 nr. 4 i forordning (EF) nr. 725/2004.

3. Dersom inspektørane frå Kommisjonen støyter på vanskar når dei utfører oppgåvene sine, skal dei medlemsstatane som det gjeld, med alle middel som står til deira rådvelde, hjelpe Kommisjonen slik at han kan fullføre oppgåva si.

Artikkel 5

Deltaking frå nasjonale inspektørar i inspeksjonane frå Kommisjonen

1. Medlemsstatane skal leggje vinn på å stille til rådvelde for Kommisjonen nasjonale inspektørar som kan ta del i inspeksjonane frå Kommisjonen og i den tilhøyrande førebuinga og rapporteringa.
2. Ein nasjonal inspektør skal ikkje ta del i inspeksjonane frå Kommisjonen i den medlemsstaten der han eller ho er tilsett.
3. Kvar medlemsstat skal gje Kommisjonen ei liste over nasjonale inspektørar som Kommisjonen kan be om å ta del i ein inspeksjon.

Denne lista skal ajourførast, minst innan utgangen av juni kvart år, og første gongen innan åtte veker etter at denne forordninga har teke til å gjelde.

4. Kommisjonen skal sende over til utvalet dei listene som er nemnde i nr. 3 første leddet.

5. Dersom Kommisjonen reknar det som naudsynt at ein nasjonal inspektør tek del i ein særskild inspeksjon frå Kommisjonen, skal han oppmode medlemsstatane om å opplyse om dei nasjonale inspektørane som er tilgjengelege for å utføre denne inspeksjonen. Slike oppmodingar skal vanlegvis gjerast åtte veker før inspeksjonen skal finne stad.

6. Kostnader som kjem på som følgje av at nasjonale inspektørar tek del i inspeksjonar frå Kommisjonen, skal i samsvar med fellesskapsreglane dekkjast av Kommisjonen.

Artikkel 6

Teknisk støtte frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået til inspeksjonar frå Kommisjonen

1. Innanfor ramma av den tekniske støtta som er fastsett i artikkel 2 bokstav b) iv) i forordning (EF) nr. 1406/2002, skal Det europeiske sjøtryggleiksbyrået stille teknisk sakkunnige til rådvelde for Kommisjonen slik at dei kan ta del i inspeksjonane frå Kommisjonen og i den tilhøyrande førebuings- og rapporteringsverksemda.

2. Kommisjonen skal sende over til utvalet ei liste over dei teknisk sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået som Kommisjonen kan be om å ta del i ein inspeksjon.

Artikkel 7

Kvalifikasjons- og opplæringskrav for inspektørar frå Kommisjonen

1. Inspektørar frå Kommisjonen skal ha relevante kvalifikasjonar, medrekna tilstrekkeleg teoretisk og praktisk røynsle innanfor sjøfartstryggleik. Dette skal vanlegvis omfatte

- a) ei god forståing av sjøfartstryggleik og korleis dette vert nytta på den verksemda som vert granska,
- b) god praktisk kunnskap om tryggleiksteknologi og –teknikkar,
- c) kunnskap om prinsipp, framgangsmåtar og teknikkar for inspeksjon,
- d) praktisk kunnskap om den verksemda som vert granska.

2. For å vere kvalifiserte til å ta del i inspeksjonar frå Kommisjonen, skal inspektørane frå Kommisjonen ha fullført ei opplæring i gjennomføringa av slike inspeksjonar.

Opplæringa av nasjonale inspektørar som skal verke som inspektørar frå Kommisjonen, skal

- a) vere godkjend av Kommisjonen,
- b) omfatte grunnleggjande og vidaregåande opplæring,
- c) sikre eit prestasjonsnivå som er tilstrekkeleg for å kontrollere at tryggleikstiltaka vert gjennomførde i samsvar med forordning (EF) nr. 725/2004.

3. Kommisjonen skal sikre at inspektørane frå Kommisjonen stettar dei krava som er fastsette i nr. 1 og 2.

KAPITTEL III

FRAMGANGSMÅTAR FOR GJENNOMFØRINGA AV INSPEKSJONAR FRÅ KOMMISSJONEN

Artikkel 8

Melding om inspeksjonar

1. Kommisjonen skal minst seks veker på førehand melde frå til kontaktorganet i medlemsstaten der inspeksjonen skal gjennomførast, om at det skal gjennomførast ein inspeksjon på territoriet hans. I særskilte høve kan denne meldingsfristen reduserast.

Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at meldinga om ein inspeksjon vert halden løynd, slik at inspeksjonen ikkje vert kompromittert.

2. Det skal meldast frå til kontaktorganet på førehand om kva inspeksjonen frå Kommisjonen er tenkt å skulle omfatte.

Dersom eit hamneanlegg skal inspiserast, og inspeksjonen skal omfatte fartøy som ligg ved hamneanlegget under inspeksjonen, skal kontaktorganet ha melding om dette.

3. Kontaktorganet skal

- a) melde frå til dei rette styresmaktene som dette gjeld, i medlemsstaten der inspeksjonen skal gjennomførast, og
- b) melde frå til Kommisjonen om kven desse rette styresmaktene er.

4. Minst 24 timar før inspeksjonen skal gjennomførast, skal kontaktorganet melde frå til Kommisjonen om namnet på flaggstaten og IMO-nummeret til dei fartøya som under inspeksjonen er venta å liggje ved eit hamneanlegg som det er gjeve melding om i medhald av nr. 2.

5. Dersom flaggstaten er ein medlemsstat, skal Kommisjonen om mogleg melde frå til kontaktorganet i denne medlemsstaten om at fartøyet kan verte inspisert når det ligg ved hamneanlegget.

6. Dersom inspeksjonen av eit hamneanlegg i ein medlemsstat skal omfatte eit fartøy som har denne medlemsstaten som flaggstat, skal kontaktorganet ta kontakt med Kommisjonen for å stadfeste om fartøyet kjem til å liggje ved hamneanlegget under inspeksjonen, eller ikkje.

7. Inspeksjonane frå Kommisjonen skal gjennomførast under leing av medlemsstaten der det hamneanlegget ligg som set i verk kontroll- og samsvarstiltak i medhald av regel 9 i SOLAS-konvensjonen, i kapitlet om særlege tiltak for å styrkje sjøfartstryggleiken, når anten

- a) flaggstaten til fartøyet ikkje er ein medlemsstat, eller
- b) fartøyet ikkje var teke med i dei opplysningane som er gjevne i medhald av nr. 4.

8. Når det vert gjeve melding til kontaktorganet om ein inspeksjon, kan den rette styresmakta eller dei rette styresmaktene som det gjeld, òg sende over eit spørjeskjema til førehandsutfylling, saman med ei oppmoding om å få dei dokumenta som er nemnde i artikkel 4 nr. 2.

I meldinga skal det òg opplyst om kva som er fristen for å sende tilbake til Kommisjonen det utfylte spørjeskjemaet og dei dokumenta som er nemnde i artikkel 4 nr. 2.

Artikkel 9

Førebuing av inspeksjonar

1. Inspektørane frå Kommisjonen skal gjere førebuande tiltak med sikte på å sikre at inspeksjonane er effektive, nøyaktige og konsekvente.

2. Kommisjonen skal gje kontaktorganet namna på dei inspektørane som har fått i oppdrag å gjennomføre ein inspeksjon, saman med andre relevante opplysningar.

3. Kontaktorganet skal peike ut ein koordinator for kvar inspeksjon, som skal gjere praktiske førebuingar i samband med dei inspeksjonane som skal gjennomførast.

Artikkel 10

Gjennomføring av inspeksjonar

1. Det skal nyttast ein standardmetode til å overvake at medlemsstatane nyttar dei krava til sjøfartstryggleik som er fastsette i forordning (EF) nr. 725/2004.

2. Medlemsstatane skal syte for at inspektørane frå Kommissjonen vert følgde rundt under heile inspeksjonen.

3. Dersom eit fartøy som ligg ved eit hamneanlegg skal inspiserast, og flaggstaten til fartøyet ikkje er identisk med den medlemsstaten som hamneanlegget ligg i, skal medlemsstaten som hamneanlegget ligg i, syte for at inspektørane frå Kommissjonen vert følgde rundt av ein tenestemann frå ei av dei styresmaktene som er nemnde i artikkel 8 nr. 2 i forordning (EF) nr. 725/2004 under inspeksjonen av fartøyet.

4. Inspektørar frå Kommissjonen skal bere eit identitetskort som provar at dei har løyve til å gjennomføre inspeksjonar på vegner av Kommissjonen. Medlemsstatane skal syte for at inspektørar frå Kommissjonen får tilgang til alle dei områda som skal inspiserast.

5. Prøving skal gjennomførast berre når dette på førehand er meldt til kontaktorganet, og det er avtalt med kontaktorganet kva omfang og føremål dette har. Kontaktorganet skal syte for den samordninga som eventuelt er naudsynt med dei rette styresmaktene som det gjeld.

6. Utan at det rører ved artikkel 11 skal inspektørane frå Kommissjonen, når det er føremålstenleg og lét seg gjennomføre på staden, gje eit uformelt, munnleg samandrag av dei observasjonane som er gjorde.

Kontaktorganet skal straks ha melding om alle større avvik frå forordning (EF) nr. 725/2004 som vert påviste under ein inspeksjon frå Kommissjonen, før det vert utarbeidd ein inspeksjonsrapport i samsvar med artikkel 11.

Artikkel 11

Inspeksjonsrapport

1. Innan seks veker etter at ein inspeksjon er avslutta, skal Kommissjonen sende over ein inspeksjonsrapport til medlemsstaten.

2. Dersom eit fartøy er vorte inspisert under inspeksjonen av eit hamneanlegg, skal dei relevante delane av inspeksjonsrapporten òg sendast til den medlemsstaten som er flaggstaten, dersom denne er ein annan enn medlemsstaten der inspeksjonen fann stad.

3. Medlemsstaten skal melde frå til dei einingane som er vortne inspiserate, om relevante observasjonar frå inspeksjonen.

4. Rapporten skal innehalde nøyaktige opplysningar om dei observasjonane som er gjorde under inspeksjonen, og peike ut eventuelle avvik eller større avvik frå forordning (EF) nr. 725/2004.

Rapporten kan innehalde tilrådingar om korrigerande tiltak.

5. Når gjennomføringa av forordning (EF) nr. 725/2004 skal vurderast, skal ei av dei følgjande klassifiseringane gjelde for kvar observasjon i rapporten:

- a) samsvar,
- b) samsvar, men betring er ønskjeleg,
- c) avvik,
- d) større avvik,
- e) ikkje relevant,
- f) ikkje stadfesta.

Artikkel 12

Svar frå medlemsstaten

1. Innan tre månader etter at ein inspeksjonsrapport er sendt, skal medlemsstaten sende over til Kommissjonen eit skriftleg svar på rapporten, der han

- a) kommenterer observasjonane og tilrådingane, og
- b) legg fram ein handlingsplan med nærmare opplysningar om tiltak og fristar, for å rette opp eventuelle manglar som er påviste.

2. Dersom det i inspeksjonsrapporten ikkje er påvist avvik eller større avvik frå forordning (EF) nr. 725/2004, krevst det ikkje svar.

Artikkel 13

Tiltak frå Kommissjonen si side

1. Dersom det er påvist avvik eller større avvik frå forordning (EF) nr. 725/2004, kan Kommissjonen gjere følgjande tiltak etter å ha motteke svar frå medlemsstaten:

- a) sende over kommentarar til medlemsstaten, eller be om å få ei nærmare forklaring for å avklare heile eller delar av svaret,
- b) gjennomføre ein oppfølgingsinspeksjon for å etterprøve at korrigerande tiltak er vortne gjennomførte; ei slik oppfølging må meldast minst to veker på førehand,

c) innleie traktatbrotshandsaming mot den medlemsstaten som det gjeld.

Artikkel 16

2. Dersom det skal gjennomførast ein oppfølgingsinspeksjon av eit fartøy, skal den medlemsstaten som er flaggstaten, om mogleg melde frå til Kommisjonen om kva hamner fartøyet skal leggje til i seinare, slik at Kommisjonen kan avgjere kvar og når oppfølgingsinspeksjonen skal gjennomførast.

Kapittel IV

ALLMENNE FØRESEGNER OG SLUTTFØRESEGNER

Artikkel 14

Følsame opplysningar

Utan at det rører ved artikkel 13 i forordning (EF) nr. 725/2004, skal Kommisjonen handsame følsame opplysningar som er knytte til inspeksjonar, som fortrulege opplysningar.

Artikkel 15

Inspeksjonsprogrammet til Kommisjonen

1. Kommisjonen skal rådføre seg med utvalet om kva prioriteringar som skal gjelde ved gjennomføringa av inspeksjonsprogrammet hans.

2. Kommisjonen skal jamleg melde frå til utvalet om gjennomføringa av inspeksjonsprogrammet sitt, og om resultatet av inspeksjonane.

Melding til medlemsstatane om større avvik

Dersom ein inspeksjon legg for dagen eit større avvik frå forordning (EF) nr. 725/2004 som vert rekna for å ha ein monaleg innverknad på det allmenne nivået for sjøfartstryggleik i Fellesskapet, skal Kommisjonen melde frå til dei andre medlemsstatane straks etter at han har sendt over inspeksjonsrapporten til den medlemsstaten som det gjeld.

Artikkel 17

Revisjon

Kommisjonen skal, første gongen innan 31. desember 2006 og deretter jamleg, revidere inspeksjonsordninga si, og særleg vurdere kor effektiv ordninga er.

Artikkel 18

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunnjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 10. juni 2005.

For Kommisjonen

Jacques BARROT

Visepresident
